

# «Veivalg for fremtidig kirkeordning»

## Høyrings svar frå Samnanger sokn mai 2015

Saka var handsama i Samnanger sokneråd/ fellesråd sak 27/15 i møte 7.5. 2015

15.05.15

For Samnanger sokneråd



Soknerådsleiar

Samnanger er ein liten kommune med vel 2400 innbyggjarar  
og berre eitt sokn..

Sidan me berre har eitt sokn i kommunen,  
tek soknerådet vårt seg også av "fellesrådssakene".  
Då har dei ein kommunal representant med i tillegg.

Me har altså ikkje fellesrådserfaring.

Dette ligg til grunn når me svarar på spørsmåla.

# 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

Då Samnanger sokneråd i 2012 kom med innspel til «refleksjonsdokumentet» den sentrale kyrkjeleinga sende ut, kom dei med denne styringsmodellen for fordeling av oppgåver i DNK:

Rådgjevande organ	Tilsyn	Juridiske organ	Oppgåver
<b>Kyrkerådet</b>		<b>Kyrkjestyre (Kyrkjemøtet)</b>  Direkte og indirekte valde	Øvste leing i kyrkja.  Overta oppgåver som ligg til departementet og bispedømet i dag.
<b>Samisk kyrkjeråd</b>			
<b>Mellomkyrkjeleg råd</b>			
<b>Bispemøtet</b>			
<b>Partssamansette utval</b>	<b>Biskop m. bisper- kontor</b>  Tilsyn Råd Rettleiing Kurs	<b>Prostistyre/ Fellesråd</b>  Indirekte valde frå sokneråda	Arbeidsgjevaransvar for alle tilsette  Lønnskantor for sokna Økonomikantor for sokna Kompetansesenter for sokna Samarbeidsorgan for sokna  Overta nokre av oppgåvene bispedømet har i dag
<b>Soknemøte</b>			
<b>Utval /nemnder</b>			
	<b>Sokneråd</b>  Direkte valde	Ansvar for gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid i soknet  Budsjettansvar Medbestemmingsrett i tilsetjingssaker/ instruksar Delegert arbeidsgjevaransvar Tilsyn med bygningar Kontakt med kommunen	

Føresetnaden for prostistyre er at prostia må justerast til høvelege administrasjonseiningar. Nokon av prostia er altfor store, slik dei er no. Ved evt. ny kommunestruktur, med større kommunar, vil ein framleis kunna nytta seg av fellesrådsmodellen. Slik det er no, er det mange små kommunar som ikkje får nytta seg av ordninga med fellesråd i det heile.

### **Grunngjeving for denne oppgåvefordelinga:**

- **Lokal styring**  
Soknet er grunneininga i kyrkja, og soknet og lokalkyrkja må styrkjast. *Testspørsmålet for alle endringar må vera: Vil dette styrkja kyrkja på lokalplan?* Det er viktig at me i den nye ordninga ikkje misser lokal styring - og det er viktig at me beheld det lokale engasjementet. Soknet må vera ei sjølvstendig juridisk eining. Ei ny kyrkjeordning må sikra soknet v/soknerådet høve til påverknad på eiga strategisk utvikling, økonomisk forvaltning og tilsetjingar i soknet.
- **Sårbare, små einingar**  
Når me likevel går inn for ein modell med eit prostistyre, er det fordi me ser at små einingar vert sårbare. Det vert mange små stillingar, som kan vera vanskelege å rekruttera folk til. Det er vanskeleg å få til gode tillitsmannsordningar, HMS-utval, AMU-utval osv. Dei tilsette vert gjerne sitjande som einaste representant på arbeidsstaden frå sine fagforeiningar, med dei problema dette fører med seg i lønsforhandlingar osv. Dei vert også einsame i si faggruppe. Det kan verta små, tette, gode arbeidsmiljø, men store vanskar om det vert gnissingar. I ei lita eining er det også vanskeleg å ha fagkompetanse på alle område, t.d. leiing, økonomi, personal- og kyrkjefag. Eit fellesråd i ny kommunestruktur/ prostistyre i justerte prostinivå, vil kunna sikra profesjonell utøving av arbeidsgjevaransvar, gravferdsforvaltning, kyrkjebygg og det som elles kjem inn under kyrkjelova §14.
- **Ein arbeidsgjevar**  
Me er dessutan samde med kyrkjemøtet, som meiner at det bør vera **ein** arbeidsgjevar i den nye kyrkjeordninga. Dette gjer at prestane og dei andre tilsette, må vera tilsette hjå ein felles arbeidsgjevar. I eit sokn så lite som vårt, vil det om kyrkjeøkonomien vert dårlegare, kanskje føra til at me også må tilsetja prest i deltidsstilling. Me vil også stadig vekk måtta leiga inn vikarar for presten. Er prestane tilsette i prostiet/fellessrådet på justert kommunenivå, vil dei lettare kunna vikariera for einannan og avlasta einannan, slik det også vert gjort i dag.
- **Tilhøve kommune / kyrkje**  
Kyrkjevevja i ein liten eittsokns-kommune, lyt vera "ekspert" på alle område, både vedlikehald, nybygg, personal, løn, økonomi og kyrkjelydsarbeid. Soknet lyt gjerne henta fagkompetanse hjå kommunen og lita på dei til hjelp på fleire område. Dette kan svekka den sjølvstendige stillinga som kyrkja har etter kyrkjelova. Trass mange år med informasjon, er det vanskeleg å bryta ned bildet om kyrkja som ein kommunal etat. Eit sterkare kyrkjeleg mellomnivå med felles tenester, vil kunna gje kyrkja ei meir sjølvstendig stilling. Samstundes treng me nærleik til og god kommunikasjon med kommunepolitikarane. Dette er avgjerande når det gjeld kommunal finansiering av kyrkjebudsjettet.

### **Resultat: Tenestemodellen**

Med denne bakgrunnen har Samnanger sokneråd gått inn for noko me kan kalla "tenestemodellen". Me ynskjer eit prostikontor som kan fungera som eit tenestekontor for dei ulike sokna. Her kan me ha eit kompetansesenter, der me hentar tenester og fagkompetanse. Me kan ha felles økonomikontor, personalkontor, og folk med kompetanse på bygg og vedlikehald. Det bør også vera teologisk leiarkompetanse på dette nivået, for å kunna stetta prestane sitt behov for rettleiing og støtte og hjelpa sokna med kyrkje- og gudstenesteplanlegging. Kyrkjegardane kan også verta drifta frå dette kontoret, med personale som er ekspertar på dette. Prostistyret /Fellessrådet, skal vera eit samarbeidsorgan for sokna og ha arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i sokna.

Samstundes vil me behalda det lokale sjølvstyret i stor grad. Flest moglege ressursar må tilførast soknet, der kyrkja sitt eigentlege oppdrag skal utførast. Det gjeld både økonomi og personell! Soknerådet må framleis ha råderett over økonomien, og kan betala tilskot til prostiet for ulike tenester på same måten som me kjøper tenester frå kommunen. I tilsetjingssaker i soknet, må soknerådet ha ein uttalerett som skal leggjast avgjerande vekt på. Dei må sjølvsgt også vera representerte ved jobbintervju for stillingar i deira sokn.

## **2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Svar: JA

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja vert borte, eller vert vesentleg redusert, vil folkekyrkja endra karakter. Ei vidareføring av dagens finansiering over kommunale og statlege budsjett, synest å vere best for å sikra ei brei folkekyrkje også i framtida.

## **3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Svar:

Dersom dagens finansiering heilt eller delvis forsvinn, meiner me ei allmenn livssynsavgift (over skattesetelen) er best eigna for å ta vare på Den norske kyrkja som folkekyrkje.

## **4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Svar:

Vår modell som er skildra i pkt. 1 vil gje berre tre nivå i kyrkja:

1. Sokneråd
2. Prostistyre/Fellesråd
3. Kyrkjestyre /Kyrkjemøte

Sjå skjema i pkt. 1 for oppgåvefordeling.

Biskopen vil sitja igjen med ein tilsynsfunksjon, driva rådgjeving, kurs og rettleiing innanfor trusopplæring, diakoni, misjon, gudstenesteliv, kyrkjemusikk o.s.b. til beste for sokna og fellesråda. Denne funksjonen må styrkjast. I tillegg vil han kunna ha uttalerett i ulike saker, t.d. tilsetjingssaker for vigsla stillingar. Han treng ein stab til dette, men lagt mindre enn den han no har. Dei andre oppgåvene bispedømekontoret no har, vil kunna fordelast på dei andre nivåa.

- Rådgjevingsfunksjonar for gravplassar, kyrkjebygg, kyrkjekunst m.m. kan med fordel flyttast til nasjonalt nivå (3) og styrkjast der. Til dømes nyttar bispedøma nasjonal rådgjevar i spørsmål om kyrkjegardar og RA har både uttale og avgjerande mynde i høve til listeførte og verna kyrkjer. Difor kan eit organ på landsnivå sitja med alle desse

spørsmåla. Det er i dag særdeles tungvinte rutinar med utale frå sokneråd – søknad frå fellestråd – påteikning eller tilleggsbrev frå sokneprest om han ønskjer det – prost – bispedømet – som igjen søkjer råd og same veg tilbake. Det er eit stort byråkrati for kvar enkelt sak. Her er mykje å spara på å forenkla.

- Tilsetjingar og arbeidsgjevartenester vil gå føre seg på nivå 2. Med ei arbeidsgjevarline sparer ein også inn på administrasjon i arbeidsgjevingsspørsmål. Dette vil avlasta både administrasjonen i soknet (for små sokn som no ikkje har fellestråd) og frigjera ressursar på bispedømeplan som no har arbeidsgjevingsfunksjon for prestane.
- Økonomikontor /lønnskantar vil kunna plasserast på nivå 2 og også frigjera ressursar frå dei andre nivåa.

## **5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Kyrkja ytrar seg primært gjennom det lokale kyrkjelydsarbeidet, med gudstenesteliv, diakoni, trusopplæring, kyrkjemusikk m.m., og ein må sjå soknet som den organisatoriske ramma rundt dette. Samstundes tilseier busetjingsmønster, geografi og avgrensa ressursar at soknet ofte må omfatta meir enn *ein* gudstenestestad. Med utgangspunkt i dei store skilnadane i landet må ein finne løysingar som både gjev rammer og fleksibilitet til lokale tilpassingar, slik at soknet ikkje må vere knytt eksklusivt til ein einskild gudstenestestad, eller t.d. til store områder som kommunegrenser. Soknet må ha minst ei kyrkje og ein gravplass, men ikkje vere større enn at ein kan ivareta lokalt engasjement.

Me meiner som kyrkjerådet at soknet skal vere den grunnleggjande eininga, og at kyrkjeordninga på sikt bør fastsetja nokre kriterier for inndeling, som tek omsyn til lokale skilnader i landet.

## **6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?**

Svar: JA

Refleksjonsprosessen viste at dei fleste råd i Norge er nøgd med dagens system med to organ. Soknerådet får i denne ordninga konsentrera seg om Kyrkjelova §9 der nærleik og lokalt engasjement er viktig. Andre oppgåver med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt (gravferdsforvaltning, kyrkjebyggforvaltning, personalavdeling, økonomiforvaltning m.m.) vert ivaretekne av fellestrådet.

Det bør arbeidast med å finna ei ordning som gjer at også små kommunar, kan ha ein tilsvarende styringsmodell. (Jmf. svar i pkt 1) Ein ny kommunestruktur, der alle

kommunar vert over ein bestemt storleik, vil løysa dette problemet. Då er kanskje problemet heller at nokre av byane får for store einingar. Alternativt kan ein justera prosti-inndelinga i høvelege einingar, og ha prostistyre i staden for fellesråd.

## **7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Svar:

Som sagt i spørsmål 6: På kommunenivå etter at kommunereforma er vedteken. Alternativt på justert prostinivå /felles for fleire kommunar, dersom kommunane ikkje vert store nok til at ein får fellesråd/ robuste forvaltningseiningar.

## **8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Svar:

Jfr svar på spørsmål 1. Soknerådet må sikrast reell påverknad på eiga verksemd både når det gjeld ansvar for utviklinga i soknet, høve til å påverka kven som vert tilsett der, og økonomisk handlingsrom.

Soknerådet har ansvar for planarbeidet, men ei samordning er nødvendig på prostinivå/fellesrådsnivå når det gjeld fordeling av ressursar. Dei fagtilsette i prostiet/fellesrådet må jobba saman med sokneråda i utforminga av lokale planar. Prostiet/ fellesrådet må verta soknet sitt «ressurssenter» der dei kan henta kompetanse og råd og tenkja at dei skal vera eit «tenestekontor» for sokneråda. Eit tett samarbeid mellom råda og administrasjonane deira, kan såleis styrkja det lokale kyrkjelydsarbeidet.

## **9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Svar: Ja.

Styrings- og leiingsansvaret kan liggja til sokneråd og fellesråd med oppgåvefordeling om lag som i dag.

*Sjå elles svar på pkt. 8.*

## **10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Svar:

Det bør vera ein dagleg leiar som har ansvar for det administrative arbeidet i soknet. Sekretær for soknerådet, dagleg kontakt med tilsette (delegert personalansvar), tilvising

av rekningar, ansvar for budsjettframlegg og rekneskapsspørsmål m.m. og andre oppgåver som vert delegert av prostistyret/fellesrådet.

Denne leiaren har kyrkjeverja/leiaren i prostiet/fellesrådet som sin overordna.

Presten har hovudansvar for gudstenester, det åndelege livet i kyrkjelyden, trusopplæring og anna kyrkjelydsarbeid. Han er den næraste overordna for dei tilsette i samband med gudstenester og kyrkjelege handlingar, men har elles ikkje personalansvar. Presten har også kyrkjeverja/ leiaren i prostiet/fellesrådet som sin overordna.

## **11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

I vår styringsmodell som er skildra i pkt. 1, er det ikkje bispedømeråd. Biskopen har ikkje ansvar for tilsetjingar og arbeidsgjevar-spørsmål.

Biskopen skal:

- Førta tilsyn med kyrkjelydane og alle medarbeidarane i bispedømet.
- Vera rådgjevar og rettleiar for kyrkjelydar, prestar og andre tilsette.
- Ordinera prestar
  - Arrangera kurs og inspirasjonssamlingar for bispedømet.
  - Ha uttalerett når det gjeld tilsetjingar og oppseiingar i vigsla stillingar
  - Godkjenna planar for gudstenester, trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk.
  - Vera bispedømet sin talsmann inn i bispemøte og kyrkjeråd.

## **12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Svar:

- Han bør kunna gje pålegg til kyrkjelydar og tilsette i samband med tilsyn og klager.
- Biskopen ordinerer til prestetenesta og må også ha medansvar for å kunna ta frå ein person retten til å vera prest, anten ved varig eller mellombels oppheving av ordinasjonsfullmaktene.
- Han bør ha uttalerett i saker med suspensjon eller oppseiing i vigsla stillingar.
- Ansvar for å godkjenna lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, trusopplæring og gudstenesteliv.

## **13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Biskopane bør veljast av kyrkjemøtet.

## **14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Svar:

Me meiner at det ikkje skal vera bispedømmeråd. Jmf. styringsmodellen i svar 1.

## **15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?**

Svar: Ingen

## **16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Svar: JA.

Jfr svar på spørsmål 1.

- Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at det vert etablert eit system der kyrkja sine omfattande tenester vert vidareførte under eit felles og heilskapleg arbeidsgjevar-ansvar med felles mål, felles strategi og felles forplikting for alle tilsette.
- Slik kommunestrukturen er no, må storleiken på prostia justerast, slik at det kan opprettast «prostistyre» i høvelege einingar. Om kommunereforma skulle føra til at alle kommunar vert over ein viss storleik, kan ein halda fram med fellesråd på kommunenivå. Desse råda skal så ivareta arbeidsgjevaransvaret for ALLE tilsette i kyrkja, innanfor sine grenser.
- Eit av fleire argument for at fellesrådet/prostistyret skal vera arbeidsgjevar, er at me meiner kommunen framleis skal finansiere det meste av verksemda og løna dei tilsette i lokalkyrkja. Me trur det er ein reell fare for at kommunen sitt engasjement i kyrkja vil verta vesentleg svekka dersom arbeidsgjevaransvaret skal liggje på bispedømnenivå.

## **17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).**

Svar:

**Arbeidsgjevarfunksjonane bør liggja i det organet som tilset.** I vår styringsmodell (sp.1) ligg dette på justert prostinivå/ fellesrådsnivå. Dagleg leiing kan delegerast til sokna, men elles må flest mogeleg av arbeidsgjevarfunksjonane liggja på prosti-/fellesråd- nivå og i deira administrasjon. Leiingsfunksjonen bør liggja på same nivå som der ein vert tilsett, elles vil ein kunne oppleve ei pulverisering av styringsretten til arbeidsgjevaren.

Me meiner likevel at sokna må få rettar når det gjeld lokale tilsetjingar. Det bør td. ikkje vera råd å tilsetja ein sokneprest som soknerådet ikkje har på si prioriteringsliste.

Me registrerer at mange representantar for prestar, biskopar og bispedømmeråd arbeider



for at alle skal verta tilsette på bispedømenivå, men at ulike arbeidsgjevaroppgåver vert delegerte nedover til fellesråd og sokn. Dette er me sterkt imot. Det vil kunne gje ei svak leiing lokalt og skapa ein avstand til toppleiinga som er uheldig. I vår modell har ikkje biskopen arbeidsgjevaransvar, berre tilsynsansvar.

## **18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Svar:

I svært liten grad. Me lyt prøva å organisera kyrkja i einingar som er likare enn dei me har no. No er skilnaden svært stor frå små kommunar til store. Dersom kommunereforma nokon stader ikkje ender opp i kommunar som gjev robuste fellesråd, bør det vera mogeleg med samarbeid over fleire fellesråd, eller justera prostia til høvelege einingar, og ha prostistyre i staden. (Sjå modell i pkt.1)

## **19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestedtjenesten og andre vigslede tjenester?**

Svar:

- Prestane har ansvar for forkynning og sakramentsforvaltning og må behalda sjølvstende og leiaransvar i dette arbeidet. Presten leiar gudstenester og gudstenestearbeid, og dei tilsette i gudstenesta.
- Presten er ein ressurs i utviklinga av kyrkjelydsarbeidet, og alt evangelisk og forkynnande arbeid.
- Prosten har eit fagleg leiaransvar for prestedtjenesta i prostiet og vegleiingsfunksjon for andre stillingar som omfattar forkynning og opplæring.
- Biskopen fører tilsyn med både gudstenestearbeid, prestar og andre tilsette og kan også vera rådgjevar og inspirator.

## **20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Svar:

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja. I vår styringsmodell, har me ingen bispedømeråd. Kyrkjemøtet kan difor setjast saman av representantar frå fellesråda/prostistyra på same måte som dei politiske organisasjonane har utsendingar frå alle lokallag til sine landsmøte. Det vil på den måten verta større nærleik i kyrkjemøtet til den lokale kyrkja, noko som vil vera positivt og i tillegg bra for demokratiet i kyrkja.

Kyrkjemøtet skal vedta lover, planar, reglar og retningsliner for DNK og bestemma saker av felleskyrkjeleg karakter.

Dei må i større grad definera og ta omsyn til kven som skal betala rekninga, når dei gjer vedtak som har økonomiske konsekvensar.

Kyrkjemøtet skal velja biskopane.

## **21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?**

Svar:

Som sagt i sp. 20: I vår styringsmodell, har me ingen bispedømeråd. Kyrkjemøtet kan difor setjast saman av representantar frå fellelråda/prostistyra på same måte som dei politiske organisasjonane har utsendingar frå alle lokallag til sine landsmøte. Kyrkjemøtet kan såleis i større grad representera lokalkyrkja,

Samtidig må ein ta omsyn til ønskje i demokratireforma om direkte val til kyrkjemøtet.

## **22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Svar

- Bispemøtet er først og fremst eit samarbeidsorgan for biskopane der dei kan samordna bispetenestene.
- Bispemøtet bør vera høyringsinstans i saker der kyrkjemøtet/ kyrkjerådet ber om det.

## **23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Svar:

Biskopane vel sjølv ein leiar (preses), som no. Kyrkjerådet vil fungera som arbeidsgjevar for biskopane og deira stabar.

## **24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Svar:

Kyrkjerådet bør ha representantar frå alle bispedøme og som for liknande styreformer, stå ansvarleg overfor Kyrkjemøtet. Samansetninga må, på same måte som Kyrkjemøtet, spegla lokalkyrkja i større grad enn i dag. Me set spørsmål ved om kyrkjerådet er representativt for kyrkja si heilskap når samansetjinga er ein biskop, 4 prestar og 10 leke, og av dei ein lek tilsett. Denne skilnaden må utjammast. Kanskje burde kyrkjevevane få velja ein representant på same måte som biskopane? Kanskje burde andre yrkesgrupper som kyrkjemusikarar, diakonar og trusopplærarar vera representerte?

Kyrkjerådet må ha ein dagleg leiar og ein stab. Denne staben vil måtta overta ein del av funksjonane departementet før hadde. Dei skal førebu saker for kyrkjemøtet, setja i verk saker som kyrkjemøtet har bestemt og leia arbeidet mellom kyrkjemøtet sine samlingar.

## **25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Svar:

Ja, denne ordninga bør vidareførast.

Nemnda bør vera høyringsinstans i saker der kyrkjemøtet eller kyrkjerådet ber om det.

## **26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Lik ordninga i dag med samisk kyrkjeråd som eit råd under kyrkjemøtet, med delegert ansvar for samisk kyrkjeliv.

## **27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Svar:

Det bør arbeidast me å regelfesta ordninga med «Ungdommens kirkemøte», som rådgjevande organ for kyrkjemøtet, og med talerett og forslagsrett der.

## **Sluttkommentar:**

Me stiller oss undrande til at høyringsdokumentet har teke lite omsyn til dei svara som vart gjevne i refleksjonsprosessen i 2012. I denne prosessen var det berre 1-2% som ynskte felles arbeidsgjeveransvar på sentralt nivå, og det var ikkje fleirtal for bispedømerådsnivå. Likevel er dette synet fronta i dokumentet, og i Kyrkjerådet sine fleirtals-tilrådingar.

Likeleis står ein att med eit sterkt inntrykk av at Den norske kyrkja skal sentraliserast inn mot regionalt og nasjonalt nivå, ved å flytta oppgåver, ansvar og funksjonar frå soknet sine organ. Dette står i sterk kontrast til utsegnene om at lokalkyrkja skal styrkjast.

Å styrkja lokalkyrkja er avgjerande for å behalda og fornya lokalt engasjement i kyrkja – utan dette engasjementet vil me ikkje ha ei landsdekkande folkekyrkja i framtida.

Me undrar oss også over at ikkje i det minste høyringsspora låg føre på nynorsk. Det vert uheldig for oss som svarar på nynorsk at spørsmåla er på bokmål.